

# Verneforskrifter for ni område for frivillig skogvern i Vestland

1. [Bugen naturreservat \(utviding\) i Bremanger](#)
2. [Gulbergnotten naturreservat \(utviding\) i Ullensvang](#)
3. [Hopslia naturreservat i Samnanger og Bjørnafjorden](#)
4. [Uranes naturreservat \(utviding\) i Kvam herad](#)
5. [Krakksfjellet naturreservat i Solund](#)
6. [Skarvatun naturreservat i Kvinnherad](#)
7. [Bergsstronda naturreservat i Høyanger](#)
8. [Stussvikhovda naturreservat i Bjørnafjorden og Kvinnherad](#)
9. [Ulvenfjellet naturreservat i Bjørnafjorden](#)

10. august 2020  
Fylkesmannen i Vestland

## **Forskrift om vern av Bugen naturreservat, Bremanger kommune (utviding)**

*Versjon: 5. august 2020*

Fastsett ved kongeleg resolusjon xx.xxxx med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldlova) § 34 jf. § 37 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

### **§ 1. (føremål)**

Føremålet med naturreservatet er å ta vare på eit område som representerer ein bestemt type natur i form av lite påverka, gammal og variert furu- og bjørkeskog med førekomstar av fleire sjeldne artar.

Det er ei målsetjing å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

### **§ 2. (geografisk avgrensing)**

Naturreservatet vedkjem følgjande gnr./bnr.: Bremanger kommune: 54/1, 54/2, 54/3, 54/4 og 54/5.

Naturreservatet dekker eit totalareal på ca. 840 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet desember 2020. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast i marka. Knekpunktene skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart blir oppbevart i Bremanger kommune, hos Fylkesmannen i Vestland, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

### **§ 3. (verneregler)**

I naturreservatet må ingen gjøre noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande verneregler:

- a) Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp inkludert lav eller deler av disse frå naturreservatet. Planting eller sång av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b) Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.
- c) Det må ikkje settast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som f.eks. oppføring av bygningar, anlegg, gjerder, andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkabler, kloakkledningar, bygging av veger, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling eller lagring av masse, utføring av kloakk eller anna form for forureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske utholdningsmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømande.
- d) Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.
- e) Bålbrenning er forbode.

### **§ 4. (generelle unntak frå vernereglane)**

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Beiting
- b) Sanking av bær og matsopp.

- c) Jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk.
- d) Oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt.
- e) Skånsam rydding av småbuskar (under 2 cm diameter) og kvist for skotfelt
- f) Felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk.
- g) Utpllassering av saltstein for husdyr og storvilt.
- h) Vedlikehald av eksisterande gapahukar, jakttårn, stiar, bruer og andre anlegg og innretninger, i samsvar med tilstand på vernetidspunktet.
- i) Merking og rydding av eksisterande stiar vist på vernekartet etter retningslinjer i forvaltningsplan.
- j) Drift og vedlikehald, samt nødvendig istandsetting ved akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg i eller inntil verneområdet.
- k) Oppgradering eller fornying av kraftleidningar for heving av spenningsnivå og auke av linjetverrsnitt, når tiltaket ikke skadar verneverdiane angitt i verneformålet nemneverdig.
- l) Ringbarking og felling av gran i medhald av forvaltningsplan

#### **§ 5. (regulering av ferdsel)**

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a) Motorferdsel på land og i vatn er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b) Utanom eksisterande vegar og stiar vist på vernekartet, er bruk av sykkel, hest og kjerre, og riding forbode.

#### **§ 6. (generelle unntak fra ferdelsreglane)**

Ferdelsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemد og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsaugemed, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyremakta. Unntaket gjelder ikkje øvingsverksemد.

Ferdelsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Naudsynt motorferdsel i samband med uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som vert nytta skal være skånsamt mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køying.
- b) Naudsynt uttransport av felt elg, hjort og bjørn med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget, og med traktor eller lett terrengkjøretøy på eksisterande traktorvegar vist på vernekartet.
- c) Landing og start med Forsvaret sine luftfartøy.
- d) Nødvendig motorferdsel i samband med akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi - og kraftanlegg. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendast melding til forvaltningsstyremakta.

#### **§ 7. (spesifiserte dispensasjonsreglar)**

Forvaltningsstyremakta kan etter søknad gi dispensasjon til:

- a) Tiltak i samband med forvaltning av vilt og fisk.
- b) Istandsetjing av bygningar, steinmurar, bruer og andre kulturminne etter samråd med kulturminnestyremaktene.
- c) Bygging av nye klopper til erstatning for gamle.
- d) Oppsetting av nye fleirårige gapahukar og jakttårn dersom viltet (hjortedyr) endrar trekk.
- e) Naudsynt motorisert transport av ved, material og utstyr til hytter innanfor verneområdet.
- f) Gjenoppføring av bygningar, anlegg eller innretningar som er gått tapt ved brann eller naturskade, og naudsynt motorferdsel for dette.
- g) Merking og rydding av nye stiar og oppsetting av turpostar.

- h) Bruk av naturreservatet i miljøtilpassa reiselivsverksemd etter plan godkjend av forvalningsstyresmakta.
- i) Tilretteleggingstiltak på eksisterande stiar.
- j) Bruk av naturreservatet i miljøtilpassa reiselivsverksemd etter plan godkjend av forvalningsstyresmakta
- k) Oppgradering og fornying av kraftleidningar som ikkje faller inn under § 4.
- l) Nødvendig motorferdsel i samband med drift og vedlikehald, samt oppgradering og fornying av eksisterande kraftlinje.
- m) Naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar nemnd i § 4 g, h, k, og l, og § 7 a, b, c, f og i.

#### **§ 8. (generelle dispensasjonsreglar)**

Forvalningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifa dersom det ikkje strir mot føremålet med vernevedtaket og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.

#### **§ 9. (skjøtsel)**

Forvalningsstyresmakta, eller den forvalningsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er føremålet med vernet, jf. naturmangfaldlova § 47.

#### **§ 10. (forvaltningsplan)**

Det kan utarbeidast forvaltningsplan med nærmere retningslinjer for forvaltning av naturreservatet. Forvaltningsplanen kan innehalde nærmere retningslinjer for gjennomføring av skjøtsel.

#### **§ 11. (forvaltningsstyresmakt)**

Miljødirektoratet fastset kven som skal vere forvaltningsstyresmakt etter denne forskrifta.

#### **§ 12. (ikrafttreding)**

Denne forskrifta trer i kraft straks.

**Forskrift om vern av Gullbergnotten naturreservat i Ullensvang (utviding)**  
*versjon 5. august 2020*

**§ 1. Føremål**

Formålet med fredinga er å ta vare på eit skogområde med alt naturleg plante- og dyreliv.

Av spesielle kvalitetar kan nemnast variert skog med både edellauvskog og furuskog som er representativ for midtre strok av Hardangerfjorden. Området har stadvis urskogpreg og ein har overgangar frå frodige skogtyper i låglandet til meir fattige typer i fjellet.

Det er eit føremål å ta vare på verneverdiane i best mogleg tilstand, og at mangfaldet av artar og livsmiljøa deira skal få utvikle seg mest mogleg naturleg.

**§ 2. Geografisk avgrensing**

Naturreservatet omfattar gnr./bnr.: 313/4, 313/6, 313/19, 313/39, 314/1, 314/4, 314/6, 314/8, 314/22, 314/26, 315/2, 315/5, 323/1, 323/3, 323/5, 324/1, 324/4, 325/1, 325/2, 326/1, 326/2, 331/1, 331/4, 331/31, 331/156, 332/5, 332/6, 332/9, 332/11, 332/12 og 332/18 i Ullensvang herad.

Naturreservatet dekker eit totalareal på ca. 5 872 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet xxxx. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekpunkt skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart skal oppbevarast i Jondal kommune, hos Fylkesmannen i Vestland, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

**§ 3. Verneregler**

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som er nemnde i verneføremålet.

I naturreservatet gjeld følgjande verneregler:

- a) Vegetasjonen, medrekna døde buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne plantar og sopp (inkludert lav), eller delar av desse frå naturreservatet. Planting og såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b) Dyreliv, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.
- c) Det må ikkje settast i gong tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde, andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker eller liknande, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkledningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre konsentrerte forureiningstilførslar, lagring av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømmande.
- d) Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.

**§ 4. Generelle unntak frå vernereglane**

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Sanking av bær, nøtter og matsopp.

- b) Jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk.
- c) Fjerning av treslag som ikke er stadeigne.
- d) Beiting med beitedyr som har tradisjon i området og som ikke er til påviseleg skade for det biologiske mangfaldet.
- e) Drift og vedlikehald, samt nødvendig istandsetting ved akutt utfall på eksisterende energi- og kraftanlegg i eller inntil verneområdet.
- f) Oppgradering eller fornying av kraftleidningar for heving av spenningsnivå og auking av linetverrsnittet, når tiltaket ikke skader verneverdiane angitt i verneføremålet nemneverdig.

## **§ 5. Regulering av ferdsel**

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a) Motorisert ferdsle er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b) Utanom eksisterande stiar er bruk av sykkel, hest og kjerre, og riding forbode.

## **§ 6. Generelle unntak frå reglane om ferdsel**

Ferdslereglane i § 5 er ikke til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemnd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltingsoppgåver som er avgjort av forvaltingsmynde. Unntaket gjeld ikke øvingsverksemd.

Ferdslereglane i § 5 andre ledd er ikke til hinder for:

- a) Naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikke set varige spor i terrenget.
- b) Landing og start med Forsvarets luftfartøy.
- c) Naudsynt motorferdsel i samband med uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vere skånsam mot markoverflata. Ein skal gi melding til oppsyn for verneområdet før køyringa skjer.
- d) Nødwendig motorferdsel i samband med akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi - og kraftanlegg. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendast melding til forvaltingsstyresmakta.

## **§ 7. Spesifiserte dispensasjonsreglar**

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til:

- a) Avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 d.
- b) Merking og naudsynt rydding av eksisterande stiar.
- c) Istandsetting, vedlikehald og naudsynt skjøtsel kring kulturminne.
- d) Tiltak i samband med forvalting av vilt og fisk.
- e) Arrangement knytt til miljøtilpassa reiselivsverksemd.
- f) Kontrollert hogst av tre som er til ulempe for bygningars og anlegg.
- g) Uttransport av felt elg og hjort med anna køyretøy enn lett beltekøyretøy som nemnd i § 6 andre ledd a.
- h) Naudsynt motorferdsle i samband med aktivitetar nemnt i § 4 c og § 7 c og d.
- i) Oppgradering og fornying av kraftleidningar som ikke fell innafor § 4.
- j) Nødwendig motorferdsel i samband med drift og vedlikehald, samt oppgradering og fornying av eksisterande kraftlinje.

- k) Rydding av siktelinjer frå mobilt jakttårn.

#### **§ 8. Generelle dispensasjonsreglar**

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje stirr mot føremålet med vernevedtaket og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.

#### **§ 9. Skjøtsel**

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta avgjer, kan gjennomføre tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstand som er føremålet med vernet, jf. naturmangfaldlova § 47.

#### **§ 10. Forvaltingsplan**

Det kan utarbeidast forvaltingsplan med nærmere retningsliner for forvalting av naturreservatet. Forvaltingsplanen kan innehalde nærmere retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

#### **§ 11. Forvaltingsstyresmakt**

Miljødirektoratet fastset kven som skal ha forvaltingsmynde etter denne forskrifta.

#### **§ 12. Iverksetting**

Denne forskrifta trer i kraft straks.

## **Forskrift om vern av Hopslia naturreservat, Samnanger og Bjørnefjorden i Vestland**

*Versjon: 5. august 2020*

### **§ 1. Føremål**

Føremålet med naturreservatet er å ta vare på trua, sjeldan og sårbar natur.

Området er ein del av eit større skoglandskap, og har stor variasjon av natur- og vegetasjonstypar, med m.a. rik edellauvskog, eldre furuskog, rik myr og rik sumpskog. Viktige treslag er mellom anna barlind, alm, ask, hassel, gråor og svartor. Fleire trua artar er registrert.

Det er eit føremål å ta vare på verneverdiane i best mogleg tilstand, og at mangfaldet av artar og livsmiljøa deira skal få utvikle seg mest mogleg naturleg.

### **§ 2. Geografisk avgrensing**

Naturreservatet omfattar ein del av gnr./bnr.: Samnanger kommune: 48/2, 48/3, 48/4, 48/17 og gnr./bnr.: Bjørnefjorden kommune: 102/5.

Naturreservatet dekker eit totalareal på ca. 2 614 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet, den xxxx. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekpunkt skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart skal oppbevarast hos Samnanger kommune og Bjørnefjorden kommune, Fylkesmannen i Vestland, Miljødirektoratet og Klima- og miljødepartementet.

### **§ 3. Verneregler**

I naturreservatet må ingen gjøre noko som skadar verneverdiane som er nemnde i verneføremålet.

I naturreservatet gjeld følgjande verneregler:

- a) Vegetasjonen, medrekna døde buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp (inkludert lav), eller delar av desse frå naturreservatet. Planting og såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b) Dyreliv, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.
- c) Det må ikkje settast i gong tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde, andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker eller liknande, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkledningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre konsentrerte forureiningstilførslar, lagring av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømande.
- d) Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.

### **§ 4. Generelle unntak frå vernereglane**

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Sanking av bær, nøtter og matsopp.

- b) Jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk.
- c) Fjerning av treslag som ikke er stadeigne.
- d) Beiting med beitedyr som har tradisjon i området og som ikke er til påviseleg skade for det biologiske mangfaldet.
- e) Vedlikehald av traktorvegar, gjerde og andre anlegg og innretningar i samsvar med tilstand på vernetidspunktet.
- f) Drift og vedlikehald, samt istandsetting ved akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg i eller inntil verneområdet.
- g) Oppgradering eller fornying av kraftleidninger for heving av spenningsnivå og auking av linetverrsnittet, når tiltaket ikke skader verneverdiane angitt i verneføremålet nemneverdig.
- h) Fortøyning av småbåt ved fastfortøyning, dragfortøyning, ankring, og mellombels lagring på land.
- i) Oppsetting av midlertidige, mobile jakttårn for storviltjakt.
- j) Forsiktig rydding av småbuskar (under 2 cm diameter) og kvist i siktgater i samband med storviltjakt i furuskog.
- k) Brenning av bål med tørrkvist fra bakken eller med ved utanfra naturreservatet, i samsvar med gjeldande lovverk.
- l) Utsetjing av saltsteinar i samband med beiting som omtalt i § 4 d.
- m) Forsiktig rydding av eksisterande tursti merka på vernekartet.

## **§ 5. Regulering av ferdsel**

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a) Motorisert ferdsle er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b) Utanom eksisterande traktorvegar og stiar, avmerka på vernekartet, er bruk av sykkel, hest og kjerre, samt riding forbode.

## **§ 6. Generelle unntak frå reglane om ferdsel**

Ferdlereglane i § 5 er ikke til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemeld og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemeld, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltingsoppgåver som er avgjort av forvaltingsmynde. Unntaket gjeld ikke øvingsverksemeld.

Ferdlereglane i § 5 andre ledd er ikke til hinder for:

- a) Naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikke set varige spor i terrenget.
- b) Nødvendig motorferdsle på traktorvegar merka på vernekartet for uttransport av tømmer og skjøtsel av bakanforliggende skog.
- c) Landing og start med Forsvarets luftfartøy.
- d) Naudsynt motorferdsel i samband med uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vere skånsam mot markoverflata. Ein skal gi melding til oppsyn for verneområdet før køyringa skjer.
- e) Naudsynt motorferdsle i samband med akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi - og kraftanlegg. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendast melding til forvaltingsmynde.

## **§ 7. Spesifiserte dispensasjonsreglar**

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til:

- a) Avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 d.
- b) Merking og naudsynt rydding av eksisterande stiar.
- c) Istandsetting, vedlikehald og naudsynt skjøtsel kring kulturminne.
- d) Tiltak i samband med forvalting av vilt og fisk.
- e) Oppsetting av gjerde i samband med § 4 d.
- f) Kontrollert hogst av tre som er til ulempe for bygningar og anlegg.
- g) Uttransport av felt elg og hjort med anna køyretøy enn lett beltekøyretøy som nemnd i § 6 andre ledd a.
- h) Naudsynt motorferdsle i samband med aktivitetar nemnt i § 4 c og e, og § 7 c, d, og e.
- i) Etablering av siktegater for storviltjakt i edellauvskog.
- j) Bruk av naturreservatet til miljøbasert reiselivsverksemد.
- k) Oppgradering og fornying av kraftleidningar som ikkje faller inn under § 4.
- l) Nødvendig motorferdsel i samband med drift og vedlikehald, samt oppgradering og fornying av eksisterande kraftlinje.

## **§ 8. Generelle dispensasjonsreglar**

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifa dersom det ikkje stirr mot føremålet med vernevedtaket og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfoldloven § 48.

## **§ 9. Skjøtsel**

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta avgjer, kan gjennomføre tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstand som er føremålet med vernet, jf. naturmangfoldloven § 47.

## **§ 10. Forvaltingsplan**

Det kan utarbeidast forvaltingsplan med nærmere retningsliner for forvalting av naturreservatet. Forvaltingsplanen kan innehalde nærmere retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

## **§ 11. Forvaltingsstyresmakt**

Miljødirektoratet fastset kven som skal ha forvaltingsmynde etter denne forskriften.

## **§ 12. Iverksetting**

Denne forskriften trer i kraft straks.

## **Forskrift om vern av Uranes naturreservat i Kvam (utviding)**

*Versjon 5. august 2020*

### **§ 1. Føremål**

Føremålet med naturreservatet er å ta vare på eit større edellauvskog- og furuskogområde representativt for midtre strok av Hardangerfjorden. Kalkrik berggrunn og lun lokalisering, gjer at floraen i området er både svært artsrik, variert og frodig. Ei rekke truga artar av karplantar, sopp og insekt er registrert.

Reservatet omfattar eit område med stor økologisk variasjon og ulike typar av edellauvskog i tillegg til furuskog. Gråor-heggeskog og gråor-almeskog veks i område med djup, næringsrik jord. Alm-lindeskog finst særleg i den nordaustlege delen av reservatet, og lindeskogen her er blant dei største i fylket.

Det er eit føremål at mangfaldet av artar og livsmiljøa deira skal få utvikle seg mest mogleg naturleg.

### **§ 2. Geografisk avgrensing**

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: 632/1, 632/2, 632/3 og 633/1 i Voss herad og gnr./bnr.: 79/1 og 78/1 i Kvam herad.

Naturreservatet dekker eit areal på ca. 2 414 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet xxxx. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkt skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart skal oppbevarast i Granvin herad og kvam herad, hos Fylkesmannen i Vestland, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

### **§ 3. Verneregler**

I naturreservatet må ingen gjøre noko som skadar verneverdiane som er nemnde i føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande verneregler:

- a) Vegetasjonen, medrekna døde buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne plantar og sopp (inkludert lav), eller delar av desse frå naturreservatet. Planting og såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b) Dyreliv, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetting av plantar, sopp og dyr er forbode.
- c) Det må ikkje settast i gong tiltak som kan endre naturmiljøet, som oppføring av bygningar, anlegg, gjerde, andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker eller liknande, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkledningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre koncentrerte forureiningstilførslar, lagring av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje uttømande.
- d) Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.

#### **§ 4. Generelle unntak frå vernereglane**

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Sanking av bær, nøtter og matsopp.
- b) Jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk.
- c) Fjerning av treslag som ikkje er stadeigne.
- d) Beiting med beitedyr som har tradisjon i området og som ikkje er til påviseleg skade for det biologiske mangfaldet.
- e) Vedlikehald av eksisterande bygningar, vegar og andre anlegg og innretningar i samsvar med tilstand på vernetidspunktet.
- f) Brenning av bål med tørrkvist frå bakken eller med ved utanfrå naturreservatet, i samsvar med gjeldande lovverk.

#### **§ 5. Regulering av ferdsel**

All ferdsel skal skje varsamt og med omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a) Motorisert ferdsel er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b) Utanom eksisterande vegar er bruk av sykkel, hest og kjerre samt riding forbode.

#### **§ 6. Generelle unntak frå reglane om ferdsel**

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltingsoppgåver som er avgjort av forvaltingsmynde. Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemd.

Ferdselsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget.
- b) Landing og start med Forsvarets luftfartøy.
- c) Naudsynt motorferdsel i samband med uttransport av sjuke og skadde bufe. Kjøretøy som nyttast skal vere skånsam mot markoverflata. Ein skal gi melding til oppsynet for verneområdet før køyringa skjer.

#### **§ 7. Spesifiserte dispensasjonsreglar**

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til:

- a) Avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 d.
- b) Merking og rydding av eksisterande stiar.
- c) Istandsetting, vedlikehald og skjøtsel rundt kulturminne.
- d) Tiltak i samband med forvalting av vilt og fisk.
- e) Oppsetting av gjerde og utsetting av saltsteinar i samband med beiting som omtalt i § 4 d.
- f) Kontrollert hogst av tre som er til ulempe for bygningar og anlegg.
- g) Uttransport av felt elg og hjort med anna køyretøy enn lett beltekøyretøy som nemnt i § 6 andre ledd a.
- h) Naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar nemnt i § 4 c og e, og § 7 c, d og e.

#### **§ 8. Generelle dispensasjonsreglar**

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje stirr mot føremålet med vernevedtaket og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.

### **§ 9. Skjøtsel**

Forvaltingsstyresmakta eller den forvaltingsstyresmakta avgjer, kan gjennomføre tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstand som er føremålet med vernet, jf. naturmangfaldlova § 47.

### **§ 10. Forvaltingsplan**

Det kan utarbeidast forvaltingsplan med nærmere retningsliner for forvalting av naturreservatet. Forvaltingsplanen kan innehalde nærmere retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

### **§ 11. Forvaltingsstyremakt**

Miljødirektoratet fastset kven som skal ha forvaltingsmynde etter denne forskrifta.

### **§ 12. Iverksetting**

Denne forskrifta trer i kraft straks.

**Forskrift om vern av Krakksjellet naturreservat, Solund kommune i Vestland fylke**  
**Versjon 5. august 2020**

Fastsett ved kongeleg resolusjon xx.xx.2020 med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfaldlova) § 34 jf. § 37 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

**§ 1. (føremål)**

Føremålet med naturreservatet er å verne eit av dei få relativt store og urørte skogområda som er igjen i ytre kystområde på Vestlandet, med sitt biologiske og geologiske mangfold. Skogen har reliktkarakter i ein del av landet som elles er sterkt påverka av avskoging, og viser langvarig og tydeleg tilpassing til oseaniske klimatilhøve.

Det er ei målsetjing å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urord tilstand, med stadeigne artar og naturtypar og naturleg skogdynamikk, og eventuelt vidareutvikle dei.

**§ 2. (geografisk avgrensing)**

Naturreservatet vedkjem følgjande gnr./bnr.: Solund kommune: 49/1.

Naturreservatet dekkjer eit totalareal på ca. 1608 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet xx.xx.2020. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart vert oppbevart i Solund kommune, hos Fylkesmannen i Vestland, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

**§ 3. (verneregler)**

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande verneregler:

- a) Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp inkludert lav eller delar av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b) Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.
- c) Det må ikkje settast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som t.d. oppføring av bygningar, anlegg, gjerde, andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkledningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling eller lagring av masse, utføring av kloakk eller anna konsentrert ureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje uttømande.
- d) Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.
- e) Bålbrannning er forbode.

**§ 4. (generelle unntak frå vernereglane)**

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Beiting.
- b) Sanking av bær og matsopp.
- c) Jakt, fiske og fangst i samsvar med gjeldande lovverk.
- d) Forsiktig rydding av små buskar (under 2 cm diameter) og kvist i skotfelt ved jaktpostar.
- e) Felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk.

- f) Utlassering av saltstein for husdyr og storvilt.
- g) Forsiktig rydding av eksisterande stiar, slik at dei kan haldast opne etter vindfall og liknande.
- h) Ringbarking, fjerning og felling av gran.
- i) Vedlikehald av gangbru, eksisterande anlegg og innretningar i samsvar med tilstand på vernetidspunktet.

#### **§ 5. (regulering av ferdsel)**

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- c) Motorferdsel på land og i vatn er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- d) Utanom eksisterande stiar vist på vernekartet, er bruk av sykkel, hest og kjerre, og riding forbode.

#### **§ 6. (generelle unntak fra ferdelsreglane)**

Ferdelsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemد og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsaugemed, og

gjennomføring av skjøtsels- og forvaltingsoppgåver som er bestemt av forvaltingsstyresmakta.

Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemد.

Ferdelsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for:

- e) Naudsynt motorferdsel i samband med uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som vert nytta skal være skånsamt mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køyring.
- f) Naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget.
- g) Landing og start med Forsvaret sine luftfartøy.

#### **§ 7. (spesifiserte dispensasjonsreglar)**

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til:

- m) Tiltak i samband med forvalting av vilt og fisk.
- n) Istandsetjing av eventuelle kulturminne etter samråd med kulturminnestyresmaktene.
- o) Naudsynt motorferdsel for å fjerne gran felt i samsvar med § 4 k.
- p) Merking, rydding og tilrettelegging av nye stiar og oppsetting av turpostar.
- q) Bruk av naturreservatet i miljøtilpassa reiselivsverksemد etter plan godkjend av forvaltingsstyresmakta.
- r) Naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar nemnd i § 4 f og h, og § 7 a og b.
- s) Uttak av eitt tre til eige bruk for å bygge båt.

#### **§ 8. (generelle dispensasjonsreglar)**

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifa dersom det ikkje strir mot føremålet med vernevedtaket og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.

#### **§ 9. (skjøtsel)**

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er føremålet med vernet, jf. naturmangfaldlova § 47.

**§ 10. (*forvaltningsplan*)**

Det kan utarbeidast forvaltningsplan med nærmere retningslinjer for forvaltning av naturreservatet. Forvaltningsplanen kan innehalde nærmere retningslinjer for gjennomføring av skjøtsel.

**§ 11. (*forvaltningsstyremakt*)**

Miljødirektoratet fastset kven som skal vere forvaltningsstyremakt etter denne forskrifta.

**§ 12. (*ikrafttreding*)**

Denne forskrifta trer i kraft straks.

## **Forslag til verneforskrift for Skarvatun naturreservat, Kvinnherad i Vestland**

*Versjon 6. august 2020*

### **§ 1. Føremål**

Føremålet med naturreservatet er å ta vare på truga, sjeldan og sårbar natur, i eit av dei mest produktive og varierte skogområda i låglandet på Vestlandet.

Naturreservatet har rik berggrunn og stor variasjon av naturtypar. Viktige naturtypar er rik edellauvskog, rik sumpskog, kalkfuruskog, hole eiketre og rike strandberg. Sjeldne artar av amfibium, karplanter, lav og insekt er registrert i området. Det er òg gode førekommstar av kristtorn og barlind, mange med grove dimensjonar. Området har stor naturvitenskapleg verdi.

Det er eit føremål at mangfaldet av artar og livsmiljøa deira skal få utvikle seg mest mogleg naturleg.

### **§ 2. Geografisk avgrensing**

Naturreservatet omfattar ein del av gnr./bnr.: Kvinnherad kommune: 17/6, 18/1, 18/2, 18/3 og 18/4.

Naturreservatet dekker eit totalareal på ca. 1 680 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet, den xxxx. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekpunkt skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart skal oppbevarast hos Kvinnherad kommune, Fylkesmannen i Vestland, Miljødirektoratet og Klima- og miljødepartementet.

### **§ 3. Verneregler**

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som er nemnde i verneføremålet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- a) Vegetasjonen, medrekna døde buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp (inkludert lav), eller delar av desse frå naturreservatet. Planting og såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b) Dyreliv, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.
- c) Det må ikkje settast i gong tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde, andre varige eller mellombelte innretningar, parkering av campingvogner, brakker eller liknande, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkledningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre konsentrerte forureiningstilførslar, lagring av avfall, gjødsling, kalkning eller bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømande.
- d) Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.
- e) Det er forbode å brenne bål utanom anviste plassar i reservatet.

#### **§ 4. Generelle unntak frå vernereglane**

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Sanking av bær, nøtter og matsopp.
- b) Jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk.
- c) Skånsam beiting.
- d) Vedlikehald av eksisterande bygningar, traktorvegar og andre anlegg og innretningar i samsvar med tilstand på vernetidspunktet.
- e) Utsetting av saltsteinar.
- f) Drift og vedlikehald, samt nødvendig istandsetting ved akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg i eller inntil verneområdet.
- g) Oppgradering eller fornying av kraftleidningar for heving av spenningsnivå og auking av linetverrsnittet, når tiltaket ikkje skader verneverdiane angitt i verneføremålet nemneverdig.

#### **§ 5. Regulering av ferdsel**

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a) Motorisert ferdsle er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b) Sykling, riding og bruk av hest er forbode.

#### **§ 6. Generelle unntak frå reglane om ferdsel**

Ferdlereglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltingsoppgåver som er avgjort av forvaltingsmynde. Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemd.

Ferdlereglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Naudsynt motorferdsel i samband med uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vere skånsam mot markoverflata. Ein skal gi melding til oppsyn for verneområdet før køyringa skjer.
- b) Naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget.
- c) Landing og start med Forsvarets luftfartøy.
- d) Nødvendig motorferdsel i samband med akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi - og kraftanlegg. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendast melding til forvaltingsstyresmakta.

#### **§ 7. Spesifiserte dispensasjonsreglar**

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til:

- a) Istandsetting, vedlikehald og naudsynt skjøtsel kring kulturminne.
- b) Tiltak i samband med forvalting av vilt og fisk.
- c) Nødvendig uttransport av felt elg og hjort med andre køyretøy enn lett beltekøyretøy nemnt i § 6 andre ledd b.
- d) Hogst av treslag som ikkje er stadeigne.
- e) Merking og naudsynt rydding av eksisterande og nye stiar.
- f) Avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 d.
- g) Oppsetting og vedlikehald av gjerde.
- h) Rydda buskar og tre rundt vasskjelde merka på vernekartet.

- i) Naudsynt motorferdsle i samband med aktivitetar nemnt i § 4 d og e, og § 7 a, b, d, f og g.
- j) Oppgradering og fornying av kraftleidningar som ikkje faller inn under § 4.
- k) Nødvendig motorferdsel i samband med drift og vedlikehald, samt oppgradering og fornying av eksisterande kraftlinje.

## **§ 8. Generelle dispensasjonsreglar**

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje stirr mot føremålet med vernevedtaket og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfoldloven § 48.

## **§ 9. Skjøtsel**

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta avgjer, kan gjennomføre tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstand som er føremålet med vernet, jf. naturmangfoldloven § 47.

## **§ 10. Forvaltingsplan**

Det kan utarbeidast forvaltingsplan med nærmere retningsliner for forvalting av naturreservatet. Forvaltingsplanen kan innehalde nærmere retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

## **§ 11. Forvaltingsstyresmakt**

Miljødirektoratet fastset kven som skal ha forvaltingsmynde etter denne forskrifta.

## **§ 12. Iverksetting**

Denne forskrifta trer i kraft straks.

## **Utkast til verneforskrift for Bergsstronda naturreservat i Høyanger kommune**

*Versjon: 5. august 2020*

### **§ 1. Føremål**

Føremålet med naturreservatet er å ta vare på ein bestemt type natur i form av rik edellauvskog representativ for fjordliene kring midtre Sognefjord. Alm- lindeskog med variert alder dominerer som skogutforming. Men det er også innslag av andre lauvtre som eik, hegg, hassel, svartor, gråor og rogn.

Det er eit føremål å ta vare på verneverdiane i best mogleg tilstand, og at mangfaldet av artar og livsmiljøa deira skal få utvikle seg mest mogleg naturleg.

### **§ 2. Geografisk avgrensing**

Naturreservatet omfattar ein del av gnr./bnr. i Høyanger kommune: 55/1, 55/2, 55/3, 55/4, 55/5, 56/1, 56/2, 57/1, 57/2, 57/3 og 58/1.

Naturreservatet dekker eit totalareal på omlag 1070 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet, den xxxx. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekpunkt skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart skal oppbevarast hos Høyanger, Fylkesmannen i Vestland, Miljødirektoratet og Klima- og miljødepartementet.

### **§ 3. Verneregler**

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som er nemnde i verneføremålet.

I naturreservatet gjeld følgjande verneregler:

- a) Vegetasjonen, medrekna døde buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp (inkludert lav), eller delar av desse frå naturreservatet. Planting og såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b) Dyreliv, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.
- c) Det må ikkje settest i gong tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde, andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker eller liknande, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkledningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre konsentrerte forureiningstilførslar, lagring av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømmande.
- d) Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.

### **§ 4. Generelle unntak frå vernereglane**

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Sanking av bær, nøtter og matsopp.
- b) Jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk.

- c) Fjerning av treslag som ikkje er stadeigne.
- d) Beiting med beitedyr som har tradisjon i området og som ikkje er til påviseleg skade for det biologiske mangfaldet.
- e) Vedlikehald av eksisterande vegar, traktorvegar og andre anlegg og innretningar i samsvar med tilstand på vernetidspunktet.
- f) Fortøyning av småbåt ved fastfortøyning, dragfortøyning, ankring, og mellombels lagring på land.
- g) Brenning av bål med tørrkvist frå bakken eller med ved utanfrå naturreservatet, i samsvar med gjeldande lovverk.
- h) Utsetjing av saltsteinar i samband med beiting som omtalt i § 4 d.

## **§ 5. Regulering av ferdsel**

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a) Motorisert ferdsle er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b) Utanom eksisterande traktorvegar og stiar, avmerka på vernekartet, er bruk av sykkel, hest og kjerre, samt riding forbode.

## **§ 6. Generelle unntak frå reglane om ferdsel**

Ferdlereglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltingsoppgåver som er avgjort av forvaltingsmynde. Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemd.

Ferdlereglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget.
- b) Landing og start med Forsvarets luftfartøy.
- c) Naudsynt motorferdsel i samband med uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vere skånsam mot markoverflata. Ein skal gi melding til oppsyn for verneområdet før køyringa skjer.

## **§ 7. Spesifiserte dispensasjonsreglar**

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til:

- a) Avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 d.
- b) Merking og naudsynt rydding av eksisterande stiar.
- c) Istandsetting, vedlikehald og naudsynt skjøtsel kring kulturminne.
- d) Tiltak i samband med forvalting av vilt og fisk.
- e) Oppsetting av gjerde i samband med § 4 d.
- f) Kontrollert hogst av tre som er til ulempe for vegar, traktorvegar og anlegg.
- g) Uttransport av felt elg og hjort med anna køyretøy enn lett beltekøyretøy som nemnd i § 6 andre ledd a.
- h) Naudsynt motorferdsle i samband med aktivitetar nemnt i § 4 c og e, og § 7 c, d og e.

## **§ 8. Generelle dispensasjonsreglar**

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernevedtaket og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til

tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfoldloven § 48.

### **§ 9. Skjøtsel**

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta avgjer, kan gjennomføre tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstand som er føremålet med vernet, jf. naturmangfoldloven § 47.

### **§ 10. Forvaltingsplan**

Det kan utarbeidast forvaltingsplan med nærmere retningsliner for forvalting av naturreservatet. Forvaltingsplanen kan innehalde nærmere retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

### **§ 11. Forvaltingsstyresmakt**

Miljødirektoratet fastset kven som skal ha forvaltingsmynde etter denne forskriften.

### **§ 12. Iverksetting**

Denne forskriften trer i kraft straks.

## **Verneforskrift for Stussvikhovda naturreservat i Vestland**

Versjon: 6. august 2020

### **§ 1. Føremål**

Føremålet med naturreservatet er å ta vare på eit område som representerer ein bestemt type natur i form av eldre oseanisk kalkfuruskog, rik edellauvskog og vestnorsk regnskog. Området utgjer saman med andre naturreservat eit større naturprega skoglandskap.

Det er eit føremål å bevare verneverdiane i best mogleg tilstand, og at mangfaldet av artar og livsmiljøa deira skal få utvikle seg mest mogleg naturleg.

### **§ 2. Geografisk avgrensing**

Naturreservatet omfattar gnr./bnr. 155/1 og 155/5 i Kvinnherad kommune og gnr./bnr. 232/1, 232/2, 233/1 og 234/1 i Bjørnefjorden kommune.

Naturreservatet dekker eit totalareal på ca. 1353 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet xxxx. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekpunkt skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart skal oppbevarast hjå Kvinnherad kommune og Bjørnefjorden kommune, hjå Fylkesmannen i Vestland, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

### **§ 3. Verneregler**

I naturreservatet må ingen gjøre noko som skadar verneverdiane som er nemnde i verneføremålet.

I naturreservatet gjeld følgjande verneregler:

- a) Vegetasjonen, medrekna døde buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp (inkludert lav), eller delar av desse frå naturreservatet. Planting og såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b) Dyreliv, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.
- c) Det må ikkje settast i gong tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde, andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker eller liknande, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkledning, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre konsentrerte forureiningstilførslar, lagring av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømmande.
- d) Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.

### **§ 4. Generelle unntak frå vernereglane**

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Sanking av bær, nøtter og matsopp.
- b) Jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk.
- c) Fjerning av treslag som ikkje er stadeigne.

- d) Beiting med beitedyr som har tradisjon i området og som ikke er til påviseleg skade for det biologiske mangfaldet.
- e) Vedlikehald av vegar og andre anlegg og innretningar i samsvar med tilstand på vernetidspunktet.
- f) Drift og vedlikehald, samt naudsynt istandsetting ved akutt utfall, på eksisterande energi- og kraftanlegg i eller inntil verneområdet.
- g) Oppgradering eller fornying av kraftleidningar for heving av spenningsnivå og auking av linetverrsnittet, når tiltaket ikke skader verneverdiane angitt i verneføremålet nemneverdig.
- h) Skånsam siktrydding av tre og kratt rundt eksisterande fyrtlykt på gnr./bnr. 134/1 og 155/5.

## **§ 5. Regulering av ferdsel**

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a) Motorisert ferdslle er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b) Utanom eksisterande vegar er bruk av sykkel, hest og kjerre, og riding forbode.

## **§ 6. Generelle unntak frå reglane om ferdsel**

Ferdslereglane i § 5 er ikke til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemeld og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemeld, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltingsoppgåver som er avgjort av forvaltingsmynde. Unntaket gjeld ikke øvingsverksemeld.

Ferdslereglane i § 5 andre ledd er ikke til hinder for:

- a) Naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikke set varige spor i terrenget.
- b) Landing og start med Forsvarets luftfartøy.
- c) Naudsynt motorferdsel i samband med uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vere skånsam mot markoverflata. Ein skal gi melding til oppsyn for verneområdet før køyringa skjer.
- d) Naudsynt motorferdsle i samband med akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi - og kraftanlegg. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendast melding til forvaltingsmynde.

## **§ 7. Spesifiserte dispensasjonsreglar**

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til:

- a) Avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 d.
- b) Merking og naudsynt rydding av eksisterande stiar.
- c) Istandsetting, vedlikehald og naudsynt skjøtsel kring kulturminne.
- d) Tiltak i samband med forvalting av vilt og fisk.
- e) Oppsetting av gjerde og utsetjing av saltsteinar i samband med beiting som omtalt i § 4 d.
- f) Kontrollert hogst av tre som er til ulempe for bygningar og anlegg.
- g) Uttransport av felt elg og hjort med anna køyretøy enn lett beltekøyretøy som nemnd i § 6 andre ledd a.
- h) Naudsynt motorferdsle i samband med aktivitetar nemnt i § 4 c og e, og § 7 c, d og e.
- f) Oppgradering og fornying av kraftleidningar som ikke fell innafor § 4.

g) Nødvendig motorferdsel i samband med drift og vedlikehald, samt oppgradering og fornying av eksisterande kraftlinje.

### **§ 8. Generelle dispensasjonsreglar**

Forvaltingsstyresmakta kan gjøre unntak frå forskrifta dersom det ikkje stirr mot føremålet med vernevedtaket og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.

### **§ 9. Skjøtsel**

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta avgjer, kan gjennomføre tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstand som er føremålet med vernet, jf. naturmangfaldlova § 47.

### **§ 10. Forvaltingsplan**

Det kan utarbeidast forvaltingsplan med nærmere retningsliner for forvalting av naturreservatet. Forvaltingsplanen kan innehalde nærmere retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

### **§ 11. Forvaltingsstyresmakt**

Miljødirektoratet fastset kven som skal ha forvaltingsmynde etter denne forskrifta.

### **§ 12. Iverksetting**

Denne forskrifta trer i kraft straks.

## **Verneforskrift for Ulvenfjellet naturreservat i Bjørnefjorden kommune**

*Versjon 5. august 2020*

### **§ 1. Føremål**

Føremålet med naturreservatet er å ta vare på eit område som representerer ein bestemt type natur i form av eldre furuskog med innslag av rike hasselkratt og brannfelt.

Det er ei målsetting å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørt tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

### **§ 2. Geografisk avgrensing**

Naturreservatet omfattar følgjande gnr 53 bnr 1 i Bjørnafjorden kommune.

Naturreservatet dekker eit totalareal på ca. 1 437 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet xxxx. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekpunkt skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart skal oppbevarast i xxx kommune, hjå Fylkesmannen i Vestland, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

### **§ 3. Verneregler**

I naturreservatet må ingen gjøre noko som skadar verneverdiane som er nemnde i verneføremålet.

I naturreservatet gjeld følgjande verneregler:

- a) Vegetasjonen, medrekna døde buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne plantar og sopp (inkludert lav), eller delar av desse frå naturreservatet. Planting og såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b) Dyreliv, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.
- c) Det må ikkje settast i gong tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde, andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker eller liknande, framføring av luftleidningar, jordkabler, kloakkledningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre koncentrerte forureiningstilførslar, lagring av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømmande.
- d) Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.

### **§ 4. Generelle unntak frå vernereglane**

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Sanking av bær, nøtter og matsopp.
- b) Jakt, fangst og fiske i samsvar med gjeldande lovverk.
- c) Fjerning av treslag som ikkje er stadeigne.
- d) Skånsam beiting.
- e) Vedlikehald av eksisterande anlegg og innretningar i samsvar med tilstand på vernetidspunktet.

- l) Forsvaret sin øving med inntil eit kompani til fots og på ski innanfor skyte- og øvingsfelt merka av på vernekartet.
- m) Forsvaret si utsetting og vedlikehald av skilt om skyte- og øvingsfeltet og rydding av vegetasjon i grensegata.
- n) Bålbrann med tørrkvist frå bakken eller medbrakt ved etter gjeldande regelverk.
- o) Skånsam rydding og vedlikehald av eksisterande, stiar og løyper angitt i vernekartet, dvs. fjerning av greiner og nedfall over traseen, samt vedlikehald av skilting og merking.
- p) Oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt og skånsam rydding av småbuskar (under 2 cm diameter) og kvist for skotfelt frå desse

## **§ 5. Regulering av ferdsel**

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a) Motorisert ferdslle er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b) Utanom eksisterande vregar og stiar, avmerka på vernekartet, er bruk av sykkel, hest og kjerre, samt riding forbode.

## **§ 6. Generelle unntak frå reglane om ferdsel**

Ferdlereglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemnd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemnd, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltingsoppgåver som er avgjort av forvaltingsmynde. Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemnd.

Ferdlereglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget.
- b) Landing og start med Forsvarets luftfartøy.
- c) Naudsynt motorferdsel i samband med uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vere skånsam mot markoverflata. Ein skal gi melding til oppsyn for verneområdet før køyringa skjer.
- d) Forsvaret sin motorferdsel med bil, beltevogn og snøscooter på landbruksveg merka av på vernekartet.
- e) Forsvaret sin motorferdsel på frossen eller snødekt mark med beltevogn og snøscooter innanfor skyte- og øvingsfelt merka av på vernekartet.

## **§ 7. Spesifiserte dispensasjonsreglar**

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til:

- a) Avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 d.
- b) Nymerking, oppsetting av skilt, utbetring og omlegging av eksisterande stiar og løypetrasear.
- c) Istandsetting, vedlikehald og naudsynt skjøtsel kring kulturminne.
- d) Tiltak i samband med forvalting av vilt og fisk.
- e) Oppsetting av gjerde og utsetjing av saltsteinar i samband med beiting som omtalt i § 4 d.
- f) Uttransport av felt elg og hjort med anna køyretøy enn lett beltekøyretøy som nemnd i § 6 andre ledd a.
- h) Naudsynt motorferdsle i samband med aktivitetar nemnt i § 4 c og e, og § 7 c, d og e.

## **§ 8. Generelle dispensasjonsreglar**

Forvaltingsstyresmakta kan gjøre unntak fra forskriften dersom det ikke strir mot føremålet med verneverdtaket og ikke kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.

## **§ 9. Skjøtsel**

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta avgjer, kan gjennomføre tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstand som er føremålet med vernet, jf. naturmangfaldlova § 47.

## **§ 10. Forvaltingsplan**

Det kan utarbeidast forvaltingsplan med nærmere retningsliner for forvalting av naturreservatet. Forvaltingsplanen kan innehalde nærmere retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

## **§ 11. Forvaltingsstyresmakt**

Miljødirektoratet fastset kven som skal ha forvaltingsmynde etter denne forskriften.

## **§ 12. Iverksetting**

Denne forskriften trer i kraft straks.